

« Det er reine mentalhygiene å kunne spasera åleine i strandkanten i timevis utan å sjå eit menneske. Øystein Wiik



SITT PARADIS: Øystein Wiik kan gå i timevis på stranda nedanfor huset sitt utan å sjå eit menneske.

# Strilar i karnevals-land

Det sikraste teiknet på at det bryggjer opp til karneval på den brasilianske kysten er den aukande aktiviteten på dei elles så tomme og endelause strendene. Desibelnivået går mot uante høgder når bilkaravanar av beach-boogier med feststemte ungdomar kjem susande med lydanlegg som kastar ut smektande sambarytmar.

Den pensjonerte politimannen Øystein Wiik frå Nordhordland legg berre merke til at sambarytmane plutsleg overdøyer den søvndyssande lyden av bølgiene som kontinuerleg slår inn over stranda, som grenser inn til huset hans, like utanfor fiskarlandsbyen Zumbi – 90 km nord for hamnebyen Natal.

## Dei beste strendene

Karnevalet her i Zumbi er heilt annleis enn det vi får sjå gjennom fjernsynsreportasjane frå Rio, som er lagt opp for turistar.

Karneval med stor innleving og sterkt engasjement vert det arrangert over alt i Brasil.

I Zumbi er dei no i gang med å byggja ei scene som skal vera arena for konsertar og oppvisning til helga. For hit kjem brasilianarar som har kjøpt seg eit chalé – eit feriehus – på denne delen av kysten, som etter nok ein dokumentasjon kan varta opp med nokre av dei beste strendene i Brasil og den beste luftkvaliteten i verda.

## Det flottaste karnevalet-

Eg har opplevd karnevalet i Rio og fleire andre byar, og etter mitt syn er karnevalet i Salvador det flottaste karnevalet i Brasil, seier Wiik.

Det er berre tre månader sidan han opplevde eit tilsvarande arrangement. Og det var ei form for karneval i Natal. Det kallast "carnatal" og utgjer ein del av adventstida som skal førebu julefeiringa. Det har si heilt naturlege forklaring i at Natal

tyder jul på portugisisk.

## Slutt på ferietida i Brasil

Karnevalet er innleiinga til fastetida der det ikkje skal etast kjøt før til påske. Carne er det portugisiske ordet for kjøt. Altså kjøt - farvel. Men denne høgtida dannar også avslutninga på ferietida i Brasil. No går det mot regntid og vinter i dette landet som ligg sør for ekvator. I praksis tyder det at lufttemperaturen hjå Øystein Wiik går ned frå dei 30 gradene som er på denne tida av året, til 25 grader. Så vert det nok monaleg meir nedbør i mai og juni. Men då er Øystein Wiik for lengst attende i Norge.

Det var meir eller mindre tilfeldig at Wiik og eit par andre nordhordlendingar fann sitt ferieparadis i Brasil.

## Politioppdrag i Vest-Sahara

-I 2003 var eg på eit internasjonalt politioppdrag i Vest-Sahara. I helgene, når vi hadde

fri, tok vi turar ut til kysten. Der fann vi flotte strender som var reinska for turistar, utan store hotellkompleks og seljarar på stranda. Då slo det meg at det måtte vera fint å ha noko tilsvarande ein stad i verda med stabile forhold. Seinare kom eg over ei annonse på ein eigedom i eit område i Brasil med tilsvarande kvalitetar som det vi såg i Afrika. Den norske prosjektleiaren og eg tok turen hit, og då var det ikkje tvil om at dette var noko av dei beste feriekompleksa som er bygd langs kysten nord og sør for Natal, seier Wiik.

I dag sit Øystein Wiik med eigen bustad i Recanto Zumbi. Dette området inneheld bungalowar og appartementshusvære, skreddarsydd for familiar frå Skandinavia. Han sit og i styret for Recanto Zumbi.

## Sosialt engasjert

Når ikkje Wiik brukar huset står det nesten tomt, med mindre

nokon i familien ønskjer å ha seg eit ferieopphald i varmen. Men huset er ikkje heilt tomt. No er det eine soverommet fullt av godt brukbare leikar, dokker og bamsar som han og andre nordmenn har teke med seg til Brasil for å gje i gåve til borna i Zumbi til hausten. Wiik har ei sterk sosial omsut for naboane sine. Ikkje berre for naboane, den pensjonerte politimannen har også engasjert seg i arbeidet mot korrupsjon og ulovleg våpenbruk i Brasil.

## Mentalhygiene

Med 30 graders varme i lufta, bassenget og i sjøen, seier det seg sjølv at det er slitasje på badebuksene. Og dagleg vert det turar til ein eller annan fiskarlandsby.

- Det er rein mentalhygiene å kunne spasera åleine i strandkanten i timevis utan å sjå eit menneske. Du treff kanskje på ein flokk med gribbar som tek for seg av daud fisk eller ei



**SISTE SUKK FOR SKJELPADDA:** Denne veka kom han over ei skjelpadde som hadde lagt seg inn på stranda for å dø.



**KOSEDYR:** Det er alltid stor suksess når nordmannen deler ut kosedyr og leiker til borna i Zumbi.



**KJØPER FREISTANDE RÅVARER:** Wiik har god kontakt med dei lokale fiskarane og handlar gjerne når dei har freistande varer å by på.

skjelpadde som er komen inn for å dø.

Dei som bur langs stranda er fiskarar, som med sine enkle reiskapar hentar fisk frå havet. Den vesle fangsten vert selt til fiskeoppkjøparar, med mindre Øystein Wiik kjem over eit parti med kongereker eller krepser. Då betalar han rikeleg for fangsten, som uansett er småpengar

samanlikna med det han måtte ut med heime for tilsvarende vare.

### Økonomiske oppgangstider

Økonomien i Brasil er på rekordfart oppover. Prisane på det meste er dobla sidan Øystein Wiik etablerte seg. Men i dette området bur nokon av dei fattigaste i landet. For at også dei

skal kunne delta i festlivets gleder, har dei brasilianske sosialstyremaktene avgjort at ei flaske Pitu, som er det næraste ein kjem norsk heimebrent, ikkje skal kosta meir enn fire reals for ein liter. Det tilsvarer 15 kroner. Dette brennevinet er hovudingrediensen i den nasjonale drinken caipirinha. På Vinmonopolet i Norge kostar tilsvarende vare

329 kroner for 70 centiliter. Så er det også eit faktum at alkoholismen set sitt preg på livet i landsbyane langs kysten.

Men også i dette området er det teikn på økonomiske oppgangstider. Det er blitt jobb til fleire og meir pengar mellom familiane. Det er påfallande kor mange som no går med tannregulering. Å ha råd til tann-

regulering er eit viktig status-symbol i denne delen av verda. Jau, brasilianarane kjem nok til å bita frå seg på karnevalet i helga.

Tekst og foto: Dag-Tore Anfinssen